

Europaparlamentet drøftar nytt utviklingsprogram for forsvarsindustrien

12. januar 2018

- *Ansvarleg komité i Europaparlamentet støttar framlegget om å etablere ei europeisk utviklingsprogram for forsvarsindustrien*
- *Inkludering av små og mellomstore verksemder, finansiering, rolla til tredjeland og minstekrav til land i eit prosjekt sentrale tema*
- *Mange opptatt av om verksemder frå tredjeland kan delta i samarbeidsprosjekt og system for å sikre at pengane i fondet kjem EU-verksemder til gode og at resultatata blir i EU*
- *Komiteen skal ha ei høyring om framlegget 22. januar og avrøysting 21. februar*

Europaparlamentets industri-, forskings- og energikomiteé (ITRE) drøfta i går framlegget til forordning som skal etablere eit utviklingsprogram for europeisk forsvarsindustri. Kommisjonen kom med [framlegget til forordning i juni](#) og målet er å styrke konkurranse- og innovasjonsevne i EUs forsvarsindustri. Kommisjonen gjorde framlegg om at fondet skal vere på 500 millionar euro. Framlegget vart omtalt i [Stortingets EU/EØS nytt 8. juni i år](#).

Det er [fleire komitear i Europaparlamentet](#) som skal gje innspel til handsaminga, men det er ITRE som har hovudansvaret. Saksordførar Françoise Grossetête (EPP, Frankrike) kom med sitt [utkast til innstilling](#) i oktober 2017. Ho skriv ho at ho ynskjer framlegget til eit forsvarsfond velkome. Ho legg vekt på behovet for meir europeisk samarbeid for å sikre større europeisk sjølvstende på dette område. Ho legg vekt på at små og mellomstor verksemder (SMV) er viktige. Ho tek derfor til orde for ei ordning som skal sikre at minst 10% av fondet skal gå til tiltak for å fremje grensekryssande deltaking av SMV. Saksordføraren meiner 500 millionar euro er nok, men legg vekt på at dette ikkje må omdisponerast frå andre program på ein måte som svekker gjennomføringa av desse programma. Ho og andre har i alt fremja 472 endringsframlegg til kommisjonens utkast.

I debatten om endringsframlegga i går verka det vere generell semje om det nye fondet. Det var likevel ein representant frå ytre venstre gruppa (GUE/NGL) tok til orde for at pengane burde brukast på det han kalla reindustrialisering i staden. I tillegg var det fleire som stilte spørsmål ved om EU har juridisk heimel til å løyve pengar til eit slikt forsvarsfond. Det vart vist til at traktaten om EUs virkemåte ikkje gir heimel til å løyve pengar til forsvar. Kommisjonen viste til at formålet med fondet er styrka konkurransevne og innovasjon. Dette er formål som EU kan bruke fellesskapsmiddel på.

I debatten la mange vekt på behovet for styrka europeisk samarbeid og konsolidering av industrien og at fondet høver godt saman med etableringa av det permanente strukturerte forsvarssamarbeidet (PESCO) som vart etablert på slutten av fjoråret. Det vart understreka at fondet ikkje skal bidra til opprusting, men styrke europeiske kapabilitetar.

Dei sentrale punkta i debatten var elles i stor grad dei punkta saksordføraren legg vekt på i sitt utkast til innstilling. Det vil seie: Rolla til tredjeland, situasjonen for SMB og kor mange land og selskap det bør krevjast skal delta i eit prosjekt. Sett med norske auge er spørsmålet om tredjeland spesielt interessant. Mange la vekt på at sidan fondet er basert på EU-pengar er det naturleg at det går til EU-

verksemder. Enkelte sa at eksplisitt at tredjeland ikkje bør kunne delta i prosjekt under fondet. Andre la vekt på at EU bør opne for at verksemder frå tredjeland kan delta i samarbeidsprosjekt, men at det kan etablerast system for å sikre at intellektuelle opphavsrettar blir i EU og at resultat av prosjekta kjem EU til gode. Enkelte viste til at det i visse tilfelle er kompliserte eigarstrukturar i selskap og derfor vanskeleg å definere kva som er eit EU-selskap. Det vart elles sagt at programmet skal kome i tillegg til og ikkje i staden for samarbeid med Storbritannia etter brexit eller samarbeid med andre NATO-land.

Det var ulike syn på kor mange land eller verksemder det skal stillast krav om skal delta i eit samarbeidsprosjekt. Ein del var opptatt av eit krav om minst tre land, også for å sikre at fondet ikkje berre gagnar dei store EU-landa som har stor forsvarsindustri. Samstundes vart det vist til at i ein del tilfelle vil det vere naturleg med samarbeid som involverer berre to land.

Mange tok til orde for at fondet bør byggjast opp med friske pengar og ikkje tas frå eksisterande program. Spørsmålet om å sikre eit større fond gjennom å opne for at tredjeland kan betale for å delta, vart ikkje nemnt.

Komiteen skal ha ei høyring om framlegget 22. januar og etter planen røyste over endringsframlegga 21. februar.

Kommentar

Samla verka det som majoriteten ynskjer ein eller annan form for system som sikrar at fondet går til EU-verksemder og at resultatata frå prosjekta endar opp i EU, men der tredjeland kan delta i samarbeidet. Det står att å sjå kor vellukka og omfattande samarbeidet som resultat av fondet og PESCO-samarbeidet blir, men er viktig å følgje med på for Noreg. Spørsmålet om effekten for Noreg av eit styrka EU-samarbeid på forsvarsområdet var oppe både i Stortingets Europautval i desember og i debatt om europapolitisk redegjørelse i november.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no